

ÅRSMELDING FOR KEIPEN TURLAG BREMANGER KOMMUNE 1997

Keipen turlag har pr.dato 73 medlemmar. Årsmøtet 1996 var i Trudvang på Kjelnenes 29.11.96.

Referat frå årsmøtet, årsmelding, rekneskap, budsjett og turplaner for 1997 vart sendt ut til alle medlemmane i turlaget. I året har turlaget hatt to styremøter 14.04.97 og 22.09.97.

Det har i året ikkje vore bygt nye turstiar, men det er utført viktig vedlikehaldsarbeid på turstien frå Åskåra til Ålfotbreen og på turstien til Vingen. På turstien til Ålfotbreen vart alle vardane reparerte og T-ane oppattmalte no i haust. Det same vart gjort på stien til Vingen frå Svelgen til Vingesetrane. Diverse rydding av skogsnedfall på dei andre stiane i Svelgenområdet er også utført. Den nye turruta frå Hunskaar til Hornelen har vi ikkje kome nokon vei med, derimot er Ytre Nordfjord Turlag i gong med merking der. Dei brukar sine eigne merkepillar, og det vil kanskje ikkje vere nødvendig med DNT-merking der.

Våren 1997 vart det inngått avtale med Svelgen Turn og Idrettsforening om å reparerer og bruke Moldahytta. Moldahytta vart oppført på dugnad av folk i Svelgen (STIF-medlemmar) i 1935-1937 og var no i ferd med å forfalle. Hytta har historisk verdi og det var på sin plass å gjere noko for å berge hytta i kulturminneåret. Turlaget søkte om midlar frå miljøvernmidlane til hytta og fekk tildelt kr. 6.000,- i dette arbeidet. Pengane gjekk til nytt vindfang og ny ytterdør + diverse anna tetningsarbeid. Elkem Bremanger har støtta oss med helikoptertransport av matrialer og utstyr. Vedlikehaldsarbeidet er utført på dugnad av turlagsmedlemmar i heile sommar. Hytta er «berga» no, men beising og eventuelt skiftign av omn og anna bør takast neste år

Økonomi: Når det gjeld økonomi viser vi til framlagt og godkjent rekneskap. Av tilskot frå kommunen har laget for 1997 etter søknad fått kr. 2.000 frå kulturmidlane til lagsarbeid og kr. 6.000,- frå miljøvernmidlane til Moldahytta.

TURAKTIVITET: Også dette året vart mange turar avlyste på grunn av ulageleg ver på dei oppsette turdagane. Deltakartalet i år blei 194 mot 211 i 96 og 291 i 1995. Suksessuren i ytre var i år turen til Hornelen og i indre «ope hus» på Knekkevasshytta. Når det gjeld turen til Knekkevasshytta fekk vi besøk av 45 personar på ein lys og vakker 21. Mai-kveld. Kaffi,kaker saft og vatn gjekk ned på høg kant og folk koste seg.

Turopplegget både i ytre og indre Bremanger har vore opplagt etter omtrent same mønster dei siste åra. Turlaget ser det no som viktig å skifte på nokre av turmåla, men nokre faste standardturar vil vi halde på.

Elles registrer turlaget med glede at mange personar i Svelgenområdet brukar dei opparbeidde turstiane våre og kjem seg ut i naturen. Det same gjeld også turstien til Hornelen frå Berleneset.

REPRESENTASJON. Anne Turid Ljungren og Oddmund Leirvik har utsendingar til SFT's årsmåte på Skei i januar. Kjellaug Hollevik var på SFT's Fellesmøte i oktober. Anne Turid Ljungren er sekretær i Sogn og Fj.turlag og er soleis fast representant på alle SFT' møter.

Takk for godt samarbeid og eit hyggeleg turår 1997.

Keipen turlag
Bremanger kommune

Svelgen, 27.11.97.

Oddmund Leirvik
formann